

---

Saksnr: 2021/19461-1  
Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021

**Medlemsskap i nettverket IAKS Nordic****Forslag til innstilling:**

1. Vestland fylkeskommune melder seg inn den internasjonale foreininga International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic).
2. Fylkesrådmannen får ansvar for innmeldingsprosessen og oppfølging av medlemskapet.

Utgifter til medlemsskapet vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.202, konferansar/ kompetanse.

**Samandrag**

IAKS Nordic er ei internasjonal ideell foreining for organisasjonar som arbeider med utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg. Som medlem i denne foreininga vil fylkeskommunen få tilgang til ein internasjonal arena for erfaringsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving innanfor dette fagfeltet. Dette vil kunne auke kompetansen internt i fylkeskommunen, og vil kunne komme til nytte for lag og organisasjonar som fylkeskommunen samarbeider med.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld innmelding i den internasjonale foreininga IAKS Nordic. IAKS står for «International Association for Sport and Leisure Facilities».

IAKS Nordic er ei internasjonal ideell foreining der føremålet er å samle institusjonar, offentlege myndigheiter, organisasjonar, selskap og menneske som har interesse for idrett- og fritidsanlegg. Det skal vere eit forum der alle som er involvert i utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg kan møtas for å dele erfaring, kunnskap og idear knytt til slike anlegg. Desse foruma vert skapt gjennom ulike arrangement som for eksempel nettverkssamlingar, seminar og studieturar.

IAKS Nordic er ei undergruppe av den internasjonale organisasjonen IAKS. IAKS arbeider etter følgjande erklæring:

«We believe that active living is a fundamental human right and need that enriches the lives of people of different cultures, nations, languages and genders. Activity requires motivating and functional sports and leisure facilities.

We are committed to championing for sustainable and high-quality indoor and outdoor sports and leisure facilities that are fully inclusive, universally accessible and socially relevant.

We are the leading global non-profit organization for sports and leisure facilities and enable the know-how exchange of planning, design, and operational expertise for professionals from our industry.

We collaborate with international organizations to promote active and meaningful lifestyles and transform communities and urban areas into places of active living».

IAKS Nordic vart etablert i 2017 og er som nemnd ein del av den internasjonale IAKS organisasjonen som har medlemmar frå alle verdsdelar. I IAKS Nordic er det medlemmar frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Island og Færøyene. Eksempel på organisasjonar frå Noreg som er medlemmar er Tverga, Kulturdepartementet, Bad, Park og Idrett, Norges Fotballforbund, NTNU og Viken fylkeskommune. Frå Sverige kan det nemnast Organisasjonen for Sveriges Kommunar og Regionar, og Sveriges Riksidrettsforbund, medan det frå Danmark kan nemnast det danske Idrettsforbundet og Lokale og Anleggsfonden (LOA).

Av desse organisasjonane har Vestland fylkeskommune allereie samarbeidsavtalar med Tverga og LOA. Fylkeskommunen er også medlem i Bad, Park og Idrett, og samarbeider med Viken fylkeskommune, fotballforbundet, Kulturdepartementet og NTNU i ulike samanhengar. Eit medlemsskap i IAKS Nordic vil dermed kunne vere ein arena for å styrke samarbeidet med desse organisasjonane, samt gje moglegheiter for samarbeid med nye organisasjonar.

Gjennom eit medlemsskap i IAKS Nordic vil fylkeskommunen kunne delta på alle arenaer som vert arrangert i regi av IAKS. Dette vil gje fleire moglegheiter for å tileigne seg kunnskap og inspirasjon som kan nyttast i arbeidet med å utvikle Vestland fylke, for eksempel i rådgjeving ovanfor kommunar, idretts- og friluftslivsorganisasjonar, idrettslag og andre organisasjonar fylkeskommunen samarbeider med. På same tid vil medlemsskapet gje moglegheiter for å dele kunnskap frå arbeidet fylkeskommunen gjer, for eksempel med dagsturhytteprosjektet eller prosjektet nyskapande aktivitetsanlegg.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. vedteke reglement for folkevalde organ og delegering, jf. reglement for fylkesutvalet, punkt 2.1.7.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det er ein årleg medlemsavgift på 370 euro. Dette tilsvarar om lag 3900 kr per i dag. Denne summen dekkast innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.202, konferansar/kompetanse.

**Klima:** Utveksling av erfaring knytt til berekraftige og klimavenlege løysingar for idrett- og fritidsanlegg er eitt av tema som vert løfta i nettverket.

**Folkehelse:** Gjennom erfaringsutveksling og informasjon om løysingar som kan bidra til å auke aktivitetsnivået i befolkninga kan deltaking i nettverket gje positive verknadar på folkehelsa i fylket.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for arbeidet i fylkeskommunen. Målet er å bidra til at berekraftsmåla i sterk grad vert lagt til grunn og implementert i det strategiske arbeidet på utvikling, bygging og drift av idrettsanlegg i Vestland. I denne samanhengen er det mål 17 (Samarbeid), mål 9 (Industri, innovasjon og infrastruktur) og mål 11 (berekraftige byar og lokalsamfunn) ein i størst grad treff gjennom deltaking i ei slik foreining.

I frå handlingsplan 2021 for kultur, idrett og inkludering, vedteken av fylkestinget i desember 2020 i PS 156/2020, kan følgjande ordlyd knytast til korleis ein kan nytte den auka kompetansen frå deltaking i foreininga til; «Mobilisere og støtte kommunar og organisasjonar til ei berekraftig anleggsutvikling (bygging og drift)».

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår med bakgrunn saksutgreiinga til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.

Fylkesrådmannen ser på deltaking i foreininga IAKS Nordic som eit nyttig bidrag til å auke kompetansen i fylkeskommunen knytt til utvikling av idretts- og aktivitetsanlegg. I eit slikt internasjonalt nettverk kan ein få tilgang til kunnskap, idear, erfaring, informasjon og prosjekt som ein ikkje nødvendigvis kan tileigne seg på andre måtar. Dette kan komme til nytte både internt i arbeidet i fylkeskommunen, men også til den eksterne rådgjevinga avdelinga gjer for kommunar, idretts- og friluftslivsorganisasjonar og idrettslag.